

**GISKE KOMMUNE**  
**Kontrollutvalet**

**MØTEINNKALLING**

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Onsdag 09.05.2018 kl. 13.00 på Giske rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 07/18 Godkjenning av møtebok frå møte 05.02.2018
- Sak 08/18 Årsmelding 2017 – Giske kommune.
- Sak 09/18 Årsrekneskap 2017 – Giske kommune.
- Sak 10/18 Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune.
- Sak 11/18 Eigarskapsmelding av ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap IKS). Kunnskapsdeling med Giske kommune.
- Sak 12/18 Oppfølging av sak 2/18. Forslag på skisse til å undersøkje «tilsynsførar» funksjonen i barnevernet i Giske kommune.

Eventuelt

Gunnar Morsund  
leiar  
(sign.)

## Sak 07/18 Godkjenning av møtebok frå møte 05.02.2018

### **KONTROLLUTVALET I GISKE KOMMUNE**

#### **MØTEBOK**

Møtedato: 05.02.2018 kl. 13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Gunnar Morsund

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Dag Oksnes, Arnfinn Rune Giske, Karin Kalvø Giske.

Anne Lise Følsvik vart permitert i siste del av møtet, frå kl. 16.10

#### **= 5 voterande**

Frå administrasjonen møtte rådmann Marit Larsen, Hildegunn Roald, Karoline Urke.

Økonomisjef Ann Kristin Thue møtte i siste del av møtet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte konst. dagleg leiar Kurt Løvoll, Svein Ove Otterlei og Knut Gunnar Alnes.

Det var ingen merknader til innkalling. Under godkjenning av saklista ønskte Dag Oksnes å føre opp et spørsmål om transport til/frå bokollektiv.

---

### **SAK 01/18**

#### **Godkjenning av møtebok frå møte 16. mai 2017**

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 16. mai 2017 blir godkjent.

## **SAK 02/18**

### **Status barnevernet i Giske – orientering frå administrasjonen og eventuell oppfølging frå kontrollutvalet**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.01.2017 (epost)

Saka vart lagd fram frå sekretariatet utan tilråding til vedtak.

#### **Leiar Gunnar Morsund fremma på vegne av utvalet følgande forslag:**

Utvalet tar rådmannens orientering om barnevernet i Giske kommune til vitande. Utvalet ber om ei prosjektskisse til neste møte. Målsettinga er å sjå nærare på korleis kommunen løyse arbeidet med «tilsynsfører» funksjonen.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Utvalet tar rådmannens orientering om barnevernet i Giske kommune til vitande. Utvalet ber om ei prosjektskisse til neste møte. Målsettinga er å sjå nærare på korleis kommunen løyse arbeidet med «tilsynsfører» funksjonen.

---

## **SAK 03/18**

### **Plan for Forvaltningsrevisjon**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.01.2017 (epost)

Innstillinga i saka frå sekretariatet var som følgjer:

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å foreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar.
2. Kommunestyret tek for øvrig saka om plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering.

#### **Leiar Gunnar Morsund fremma på vegna av utvalet eit alternativ punkt 2 i innstillinga:**

Kommunestyret tek plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering, og ber om at områda «sjølkost innafor VAR» og «arbeidsgivaransvaret» i kommunen blir prioritert.

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å foreta prioriteringar innan forvaltningsrevisjon slik som å vedta enkelte undersøkingar.

2. Kommunestyret tek plan for forvaltningsrevisjon 2017 – 2020 til orientering, og ber om at områda «sjølkost innafor VAR» og «arbeidsgivaransvaret» i kommunen blir prioritert.

#### **SAK 04/18**

#### **Eigarskapskontroll 2018 – oppfølging av sak 06/16**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.01.2017 (epost)

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kommunestyret vedtar snarast å utarbeide eigarskapsmelding i tråd med KS sine anbefalingar.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å bruke eigarskapsmeldinga til å sjå om kommunen har system for eigarstyringa.

---

#### **SAK 05/18**

#### **Overordna revisjonstrategi – vurdering av uavhengigheit og engasjementbrev**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.01.2017 (epost)

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tar saka til orientering.

---

#### **SAK 06/18**

#### **Møteplan 2018**

Følgande møter ble avtalt:

- Onsdag 9. mai, kl. 13.00, Giske rådhus
- Måndag 10. september, kl. 13.00, Giske rådhus
- Torsdag 8. november, kl. 13.00, Giske rådhus

Møtet ble avslutta kl. 16.40

---

Gunnar Morsund	Dag Oksnes	Anne Lise H. Følsvik	Anfinn Rune Giske	Karin Kalvø Giske
leiar	nest leiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

## Sak 08/18 Årsmelding 2017 – Giske kommune.

Kontrollutvalet i  
Giske kommune

Dato: 02.05.2018

### ÅRSMELDING 2017 – GISKE KOMMUNE

Som elektronisk vedlegg følger:

- Årsmelding 2017 – Giske kommune - <http://arsrapport.giske.kommune.no/2017/>

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Giske kommune til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## Sak 09/18 Årsrekneskap 2017 – Giske kommune.

Kontrollutvalet i  
Giske kommune

Dato: 02.05.2018

### **KOMMUNEREKNESKAPEN 2017 – GISKE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2017 – Giske kommune
2. Giske kommune - kommunerekneskapen 2017 – elektronisk link til <http://arsrapport.giske.kommune.no/2017/>

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

#### **uttale :**

1. Giske kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å sjå nærare på meirforbruk innanfor Rammeområde 3, fellesutgifter – fellesinntekter, i høve til regulert budsjett.

Bjørn Tømmerdal  
dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

Til kommunestyret i Giske

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsrekneskapen for Giske kommune som viser kr 417 759 884,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 778 671,-. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2017, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2017, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Anna informasjon*

Rådmannen er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av rådmannens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje slik anna informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den anna informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

#### *Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

[www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger)

#### **Uttale om andre lovmessige krav**

##### *Konklusjon med atterhald om budsjett*

Rammeområde 3 fellesutgifter-fellesinntekter har eit betydeleg meirforbruk i forhold til regulert budsjett på kr 3,3 mill. Det blir vist til rådmannen sin omtale i årsmeldinga.

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi, med unntak av forholdet nevnt i avsnittet over at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

##### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si



plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 17. april 2018



Knut G. Alnes  
oppdragsansvarleg revisor

**Sak 10/18 Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune.**

Sjå vedlagte rapport frå Skatt Midt-Noreg til kommunestyret i Giske kommune. Kontrollutvalet i Giske kommune står som kopi på denne rapporten og den legges fram for utvalet uten nokon sakshandsaming. Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

**På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

**vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



Datoen vår  
15.02.2018

Datoen din

Sakshandsamar  
Karl Inge Klausen

800 80 000  
Skatteetaten.no

Referansen din

Telefon  
97492001

Org.nr  
991733116

Referansen vår  
2017/206476

Postadresse  
Postboks 2060  
6402 Molde

Kommunestyret i Giske kommune  
Rådhuset  
6050 VALDERØYA

## Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Giske kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

### 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

Skatteoppkrevjarfunksjonen for Giske kommune handsamast av Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemnerkontoret er skatteoppkrevjar for Ålesund, Giske, Sandøy, Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Sykkylven og Haram.

I tillegg er det etablert eit interkommunalt kontrollsamarbeid for arbeidsgjevarkontrollen. Her deltek kommunane Ålesund, Giske, Sandøy, Norddal, Stordal, Ørskog, Skodje, Sykkylven, Haram, Stranda, Sula, Herøy, Hareid, Ulstein, Sande, Volda og Ørsta.

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016	Tal årsverk 2015
18,0	15,8	15,0

Dei oppgjevne årsverka gjeld samla for heile Nordre Sunnmøre kemnerkontor. Kemneren har i årsrapporten for 2017 oppgjeve at kontoret har hatt nok ressursar til å utføre oppgåvene som gjeld skatterekneskapen og innkrevjinga, men dei har ikkje har hatt nok ressursar til å utføre arbeidsgjevarkontrollen i tilstrekkeleg omfang.



I tillegg til årsverka i tabellen har kemneren i årsrapporten oppgjeve at kontoret per 31.12.17 hadde 4,5 årsverk som er nytta til arbeidsgjevarkontroll i dei andre kommunane som er med i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollordninga.

### 3. Måloppnåing

#### Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2018. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Giske kommune viser per 31. desember 2017 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 856 616 454 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 13 220 831.

#### Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2017 for Giske kommune.

	Resultatkrav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav 2016 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2017 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2015	95,00 %	94,47 %	96,00 %	96,46 %
Forskotsstrekk 2016	99,90 %	99,90 %	99,93 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2016	99,50 %	99,12 %	99,85 %	99,50 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2016	99,90 %	100,00 %	100,00 %	99,97 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2015	99,40 %	99,99 %	99,99 %	99,38 %
Arbeidsgjevaravgift 2016	99,80 %	99,84 %	99,86 %	99,84 %

For Giske kommune er det gode resultat, men for restskatt personlege skattytarar og forskotskatt personlege skattytarar er resultat litt under fastsatt krav. Resultatkrava er felles for alle kommunane som er med i Nordre Sunnmøre kemnerkontor, og kemneren har i sin årsrapport klargjort at kontoret samla sett i all hovudsak nådde krava. Det er berre restskatt upersonlige som har eit negativt avvik på 0,7 % poeng. Grunnen til dette avviket er eit krav på 4,9 millionar som det er klaga på, og kemneren meiner at kravet mest truleg vil falle bort.

#### Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Skatteoppkrevjaren for Giske kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor.

Resultat for Nordre Sunnmøre kemnerkontor per 31. desember 2017 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar 2017:	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utførte kontrollar 2016 (i %)	Utført kontroll 2017 region (i %)
3 466	173	147	4,2 %	3,2 %	4,6 %

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Talet på gjennomførte kontroller ligg noko under fastsatt krav. Kemneren har i årsrapporten påpekt at det ikkje har vært tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre nok kontrollar. Det vart tilsett fleire personar i 2016 og 2017, og kemneren meiner at dei nye stillingane vil betre situasjonen.

Kontrollordninga har òg delteke i ulike kontrollsamarbeid og aksjonar, blant anna mot arbeidslivskriminalitet, med Skatteetaten.

#### **4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren**

Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ein årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2017 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for områda skatterekneskap og innkrevjing.

Skattekontoret har i 2017 òg gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll 3. og 4. mai 2017. Rapport er sendt skatteoppkrevjaren 22. juni 2017. Skatteoppkrevjaren har gjeve tilbakemelding på rapporten 10. juli 2017.

##### **Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

##### **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen**

Gjennom kontrollane som skattekontoret har gjennomført, har vi gitt følgjande pålegg:

**Manuell endring bankkonto.** Kemneren vart i rapport av 22. juni 2017 pålagt å etablere rutinar som sikrar at dokumentasjonskrava som følgjer av "Retningslinjer for endring av bankkonto for skattytere" blir følgt ved framtidige endringar av bankkonto. I tilbakemelding frå kemneren datert 10. juli 2017 blir det påpeka at slike rutinar allereie vart etablert 4. mai 2017.

Utover gjevne pålegg ser vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

##### **Skatte- og avgiftsinnkrevjing**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

##### **Arbeidsgjevarkontroll**

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.



## 5. Skattekontoret sin oppfølging av skatteoppkrevjaren

Skattekontoret hadde 1. februar 2017 eit styringsdialogmøte der Nordre Sunnmøre kemnerkontor deltok. I tillegg var det eit oppfølgingsmøte vedkomande arbeidsgjevarkontroll 27. april 2017 der den interkommunale kontrollordninga ved Nordre Sunnmøre kemnerkontor deltok.

Med helsing

Ida Moen  
*fung. avdelingsdirektør*  
avdeling for innkreving  
Skatt Midt-Norge

Karl Inge Klausen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.*

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Giske kommune
- Rådmann/administrasjonssjef Giske kommune
- Skatteoppkrevjaren for Giske kommune
- Riksrevisjonen

## **Sak 11/18 Eigarskapsmelding av ÅRIM (Ålesundregionens interkommunale miljøsekskap IKS). Kunnskapsdeling med Giske kommune.**

### **Vedlegg:**

Eigarskapskontroll - Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS som pdf fil.

### **Bakgrunn**

Rapporten har bakgrunn i ein prosjektplan vedteke av kontrollutvalet i Ålesund kommune. Rapporten vart behandla av Ålesund bystyre 22. mars 2018.

Ein selskapskontroll er delt i to komponentar - eigarskapskontroll og forvaltingsrevisjon. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen og inneber vurderingar av eigarskapsutøvinga og forhold som vedkjem rapportering og informasjonsflydd frå eit eigarperspektiv. Forvaltingsrevisjon er ein frivillig del av ein selskapskontroll. Den kan omfatte vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og verknader ut frå vedtaket og føresetnadene til kommunestyret.

Det er levert to rapportar. Denne rapporten omhandlar eigarstyringa. Forvaltingsrevisjonsrapporten vil bli behandla seinare.

Rapporten er send på høyring til ÅRIM og rådmannen. Høyringsvar framgår av forord og vedlegg.

### **Rapporten**

Det foreligger no ein omfattande rapport som klargjer mange sider som kommunerevisjonen anser relevant i forhold til å gi ei vurdering av korleis Ålesund kommune forvaltar eigarskapen sin av ÅRIM

Det gjennomgåande temaet og fokuset for rapporten, er om eigarstyringa er god. God eigarstyring slik den er konkretisert i rapporten, melder at det inneber å føre kontroll med eigarinteressene sine. I dette ligg det at det er innført rutinar, altså etablert ein struktur som denne kontrollen blir utøvde gjennom og at den blir gjennomført. Denne strukturen kjem gjerne til uttrykk i eigarskapsmelding.

I tillegg til ei god eigarskapsmelding, inneber ei god eigarstyring at den blir utøvd i tråd med vedtaket til bystyret og føresetnader, aktuelle lovreglar og ikkje minst etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.

I rapporten er det framstilt saker som er lagde fram for politisk behandling. Både vedtaka og deler av saksframstillinga gir føresetnadene.

Det er peikt på ei rekkje aktuelle lovreglar, som ein må tru at all god eigarar må meine er særleg viktige å overhalde.

KS sine tilrådingar for selskapsstyring er lagt til grunn som gode etablerte normer for eigarstyring.

Rapporten melder også at etablerte normer for god selskapsleiing melder at god kommunikasjon i alle ledd frå eigar, styrte, leiing og tilsette, er eit allment omtykt kjenneteikn på organisasjonar som har ei god styring mot å nå måla sine.

## **Om ÅRIM**

Rapporten gir først ei oversikt over historikken til ÅRIM. Den melder føresetnadene til bystyret for å vere med i eit interkommunalt samarbeid med dei andre kommunane på Nordre Sunnmøre innan avfallsområdet.

Tenestene som ÅRIM leverer kan grovt delast inn i renovasjon, slam, miljøstasjon, mobil miljøstasjon, returpunkt, informasjon og haldningsskapande arbeid. Selskapet har ein stor oppgåveportefølje, og den framgår som vedlegg til rapporten.

ÅRIM er regulert av ei rekkje lover, reglar og føringar, og det er vurderinga til kommunerevisjonen at selskapet er veldrive og godt kjent med det regelverket som regulerer selskapet.

Kommunerevisjonen vurderer det også slik, at frå danninga av ÅRIM i 2009 og fram til i dag, så har selskapet i all hovudsak utvikla seg i tråd med intensjonane. Ei viktig årsak til opprettinga av selskapet, var at ein så for seg at framtida for avfallsbransjen ville bli krevjande, med ei stadig omstilling som ville krevje betre kompetanse. Dette blir peikt på at dette framleis gjeld.

ÅRIM har ein stor oppgåveportefølje, og er i ein bransje med ei stor teknologiutvikling og stadige vesentlege endringar i rammevilkåra av regulerande styresmakt. Kommunerevisjonen vurdering er at selskapet er tilpassingsdyktig i forhold til dette. Styret, dagleg leier og dei tilsette, er etter deira syn kunnskapsrike og utviklingsorienterte i forhold til oppgåvene dei skal løyse. Vidare at selskapet verkar godt organisert med ein profesjonell kommunikasjon med omverda.

## **Om eigarstyring**

Rapporten klargjer også eigarstyringa av ÅRIM med utgangspunkt i styringsorgana, styringsdokumenta og kommunikasjonen mellom ÅRIM og Ålesund kommune. Når det gjeld kommunikasjonen, så er det skilt mellom styring- og samarbeidskommunikasjon, der ein i forhold til sistnemnde tenkjar på leverandør- og kunderollar som dei har ovanfor kvarandre. Det er også sett på kommunikasjonen som har vore i forhold til Tafjord Kraftvarme AS, som saman med ÅRIM og Bingsa Næring er sentrale innanfor avfallshandtering i Ålesundsregionen.

## **Styringsorgana**

Styrt til ÅRIM framstår etter vurderinga til kommunerevisjonen som profesjonelt og aktivt. Det blir peikt på at det er breitt samansett, og reflektere det politiske og administrative fokuset i forhold til samansetjinga av styre som blei trekt opp i den siste eigarskapsmelding til Ålesund kommune.

KS tilrår å setje av tid til kompetanseutvikling gjennom opplæring eller eigarskapsseminar for alle folkevalte i løpet av dei fyrste 6 månadene og etter 2 år, og at det jamleg blir gjennomført eigarmøte mellom representantar frå eigar, styrt og dagleg leier. Den generelle politikaropplæringa for ein ny valperiode blir ikkje vurdert som tilstrekkeleg for dei som har verv i eit representantskap. Det blir likevel peikt på at det er svært sentrale politikarar som forvaltar desse posisjonane i ÅRIM, så i forhold til eigarskapsutøvinga av ÅRIM kan det vere mindre relevant. Om ein derimot vurderer den samla portefølje av alt eigarskap i alle kommunane på Sunnmøre, bør ein kanskje vurdere å gi Sunnmøre Regionråd ei rolle i samanheng med opplæring av nye folkevalte i forhold til eigarstyringa.

I tillegg til opplæring, antyder også kommunerevisjonen at det bør gjerast eit framstøyt mot regionrådet med sikte på å avklare om dei kan hospitere interkommunale arenaer for å utarbeide eigarskapsmelding. Det kan vere med på å synliggjøre eventuelle ulike vurderingar om kva som bør vektleggjast i eigarskapsmelding, samt vere med på å skape eit grunnlag for ei felles forståing i



forhold til utviklinga til selskapa. I dette ligg også ei vurdering av korleis ein eventuelt bør formalisere og koordinere eigarnøte (ein uformell arena) mellom selskapa og dei av eigarane som er medlemmer i regionrådet.

Når det gjeld rolla til rådmannen i eigarstyringa, så presisare kommunerevisjonen at det etter synet deira er viktig at administrasjonen er involvert for å sikre god kontinuitet, men at det kanskje også bør gjerast somme tydelege avklaringar i forhold til dei ulike rollane.

### **Styringsdokumenta**

Kommunerevisjonen melder at Ålesund kommune har ei god og omfattande eigarskapsmelding. Den trekkjer opp generelle prinsipp, og gir ein oversikt over alle selskapa som kommunen har ein eierdel i. Det er mange selskap og det gir ei omfangsmessig avgrensing i forhold til at den aleine kanskje ikkje er tilstrekkeleg for å utøve eigarskap for dei større selskapa. Det som går fram om ÅRIM spesifikt, er ei forventning om at selskapet driv effektivt, og synleggjer stordriftsfordelar som held avgifta på dagens nivå. Vidare at selskapet skal vere ein pådrivar for å få fram solid kunnskap om gode miljøløysingar, og ha grundige prosessar når det gjeld endringar.

Representantskapet i ÅRIM la fram ein langsiktig strategiplan. Den einskilte eigarkommunen og allmenheten, blei i denne prosessen etter synet til kommunerevisjonen involvert på ein god måte i forhold til det å trekkje opp dei opp lange utviklingslinjene for avfallshandtering for Ålesundsregionen. Strategiprosessen med ein høyringsrunde gav etter vurderinga deira representantskapet eit breitt vedtaksgrunnlag. Det blir peikt på at representantskapet einstemmig valde ein strategi som i all hovudsak var samanfallande med vedtaket i bystyret.

Strategiplanen er etter synet til kommunerevisjonen eit godt eigna reiskap for selskapsstyring. Dei melder at eigarskapsmelding og strategiplanen utfyller kvarandre på ein god måte i forhold til ÅRIM. Ei eigarskapsmelding kan ikkje vere detaljert i forhold til kvart selskap. Det ville gitt eit omfattande dokument, og krevje ein heller kapasitet og kompetanse av dei som skal utarbeide den. Kommunerevisjonen anser også erfaringa med ÅRIM sin strategiprosess som så god, at det bør vurderast å stille krav til ein strategiplan i eigarskapsmelding for dei selskapa der kommunen har ein vesentleg eierdel. Det blir også peikt på at det er viktig at denne strategiplanen blir forankra i det organet som utøver eigarstyring for kommunen, altså kommunestyret.

### **På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

#### **vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 12/18 Oppfølging av sak 2/18. Forslag på skisse til å undersøkje «tilsynsførar» funksjonen i barnevernet i Giske kommune.**

### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet drøfta ulike sider ved barnevernet i sak 02/18 den 5. februar 2018. Rådmannen var til stades på møtet og det var gitt ei orientering om status innanfor tenesteområdet. Det vart også stilt ein del spørsmål til rådmannen.

I møtet var det frå rådmannen gitt tilkjenne utfordringar med omsyn til det ivareta kommunen si rolle som tilsynsførar.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak var:

*Utvalet tar rådmannens orientering om barnevernet i Giske kommune til vitande. Utvalet ber om ei prosjektskisse til neste møte. Målsettinga er å sjå nærare på korleis kommunen løyser arbeidet med «tilsynsførar» funksjonen.*

Kontrollutvalet var, slik sekretariatet oppfattar det, tydeleg på at undersøkinga ikkje skulle bli gjennomført som ein forvaltningsrevisjon. Ein viser her også til neste sak 03/18 same dag vedkomande plan for forvaltningsrevisjon, der ein gjennomgang av barnevernet ikkje var satt opp som eit tema.

Med dette som bakgrunn, tek ein sikte på å gjennomføre ei undersøking i regi av sekretariatet. Sekretariatet kan ikkje gjere forvaltningsrevisjon, slik at sekretariatet vurderer det som tenleg å avgrense arbeidet til å hente inn informasjon og framstille den i ein rapport. Dette faktagrunnlaget som ein hentar inn kan ein arbeide vidare med i kontrollutvalet.

Sekretariatet har sett opp tre tema som ei vidare undersøking bør sjå på. Dette er:

- Rutinane for tilsynspersonane si oppfølging av fosterheim
- Statistikk over talet på tilsynsbesøk
- Rådmannen sin strategi for å sikre kontinuitet med omsyn til tilsynsperson

### **Rutinane for tilsynspersonane si oppfølging av fosterheim**

Ein tek sikte på hente inn informasjon om rutinane i Giske kommune som skal sikre at tilsynspersonane gjennomfører det tal på tilsynsbesøk i fosterheimane som regelverket stiller krav om. Desse rutinane skal også sikre at alle barn under omsorg har oppnemnd ein tilsynsperson.

Fosterheimsforskrifta § 8 angir at fosterheimskommunen skal føre tilsyn med kvart einskild barn i fosterheim frå plasseringstidspunktet og fram til barnet fyller 18 år. Det skal førast tilsyn med at barnet får forsvarleg omsorg i fosterheimen og at dei føresetnadane som vart lagt til grunn for plasseringa blir følgt opp. Dette er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontroll med fosterheimen som barneverntenesta sjølv skal utføre.

Det at kontrollen med fosterheimen skal utførast av ein uavhengig tredje part skal bidra til å sikre barnet sin rettar og gjere barnet trygg. Spørsmålet om i kva grad barnet får ein tilfredsstillande omsorg skal med andre ord vere vurdert av to instansar med forskjellige ståstader.

Det er i utgangspunktet den som fører tilsynet som har ansvaret for å gjennomføre det tal på tilsynsbesøk som er nødvendig for å sikre eit forsvarleg tilsyn. Det går likevel fram av rettleiaren at barneverntenesta må kunne be den som fører tilsyn om å auke talet på besøk, dersom det blir vurdert å vere behov for det. Vidare går det fram den som fører tilsyn skal som eit minimum besøke fosterheimen 4 gongar i året.

For barn som er fylt 15 år, som har vært plassert i same fosterheim i meir enn 2 år kan barneverntenesta vedta at tilsynet skal reduserast til minimum 2 gonger i året. Føresetnadane er at barneverntenesta vurderer forholda i fosterheimen som så stabile og gode at det ikkje er behov for å føre tilsyn oftare enn 2 gongar i året samt at barnet samtykker.

### **Statistikk over talet på tilsynsbesøk**

Ein tek sikte på hente inn informasjon frå Giske kommune som angir kor mange tilsynsbesøk kvart barn har hatt dei siste fire år. Dette vil så bli framstilt i rapporten, og desse tala kan gi ein indikasjon på kor effektive rutinane er.

### **Rådmannen sin strategi for å sikre kontinuitet med omsyn til tilsynsperson**

Ein tek sikte på hente inn informasjon om kva for strategi rådmannen har for å sikre det einskilde barn kontinuitet med omsyn til tilsynsperson.

Fosterheimsforskrifta § 8 angir også at fosterheimskommunen skal leggje vekt på å gi tilsynsoppgåver til personar som kan utføre oppgåva over tid. Det å sikre det einskilde barn kontinuitet i høve til sin tilsynsperson, er altså eit lovkrav. Å overhalde dette krev ein planmessig strategisk tilnærming.

### **Gjennomføring**

Sekretariatet tek sikte på rette skriftlege førespurnader til rådmanen og eventuelt gjennomføre møte om ein finn det nødvendig.

Ein rapport som framstiller den informasjonen som blir henta inn vil ligge føre ved utgangen av oktober 2018.

### **Innstilling til vedtak:**

Kontrollutvalet i Giske vedtek å gjennomføre ein rapport innanfor tilsynsfører funksjonen i barnevernet i tråd med saksutgreiinga.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat.